

MOTTATT

03 SEPT 2014



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Kulturdepartementet
Postboks 8030 DEP
0030 OSLO

Dykkar ref.
14/2588

Vår ref.
14/3656 - EME

Dato
1.9.2014

Høyring - framlegg til endringar i stadnamnlova

Vi viser til brev frå Kulturdepartementet 2. juni 2014 i saka.


Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

Ordet «primærfunksjon» blir i stadnamnlova brukt på ein annan måte enn slik ein ut frå vanleg språkbruk vil oppfatte ordet. I staden for å ta inn denne definisjonen av ordet i lova, slik det er gjort i utkastet til ny § 2 bokstav g, bør ordet heller erstattast av «lokalitet», «namneobjekt» eller liknande ord som gjer det klart for lesaren kva lova eigentleg talar om. Stadnamnlova vil vera aktuell for mange ulike typar lesarar, og det er då viktig at ho er forståeleg for ein vanleg språkbrukar. Vi tilrår difor at utkastet til ny § 2 bokstav g blir teke ut, og at § 4 andre ledd fyrste punktum blir endra til «Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten *som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om*, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten *for dei andre namneobjekta.*» Dersom ordet «funksjon» er meint forstått på same måten i utkastet til § 3 andre ledd fyrste punktum, bør dette tilsvarende endrast til «*Eit nedervd stadnamn som er i bruk for eit namneobjekt, kan berre bytast ut med eit anna namn som har tradisjon på staden for det same namneobjektet.*»

I høyringsnotatet side 23 er det sagt at i saker som gjeld bruksnamn, skal ynsket grunneigaran eller festaren har til skrivemåte etterkomast, dersom denne kan

dokumentere at skrivemåten har vore i offentlig bruk. Dette vilkåret kjem derimot ikkje til uttrykk i utkastet til endringar i § 6 fyrste ledd, og formuleringa i utkastet til § 6 fyrste ledd andre punktum gjev inntrykk av at eigar eller festar alltid har det avgjerande ordet i slike saker, uavhengig av kva som er bakgrunnen for ynsket deira. Vilkaåret om at den ynskte skrivemåten skal ha vore i offentlig bruk bør gå tydeleg fram av lovteksten.

Med vennleg helsing


for Harald Aass
fagdirektør


Elin M Elverhøy
seniorrådgjevar